




Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 3 • HAUSTEN 2017 • Årgang 62



### KLARE TIL TRILLINGDÅP!

Sundag 2.juli vart ein festdag i Skåbu: trillingane Hanna, Magnhild og Nora Risdal Vaterland vart døypte under gudstenesta i Bakkestugu,. I manns minne er dette den fyrste trillingdåp i Skåbu og Nord-Fron.

*Les meir på side 5*

**Les i dette nummer:**

- FRØNING PÅ PREIKESTOLEN - side 6-7
- «BEST EVER»-KONFIRMANTLEIR - side 8-9

[www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)

# TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor  
Tlf 612 16 290  
Kyrkjevevjerje: Ragnar Løsnesløyken  
Tlf 612 16 292  
Sekretær: Grete Bakken  
Tlf 612 16 290

## KONTORTIDER:

Kl 09.00-12.00  
og elles etter avtale

## SOKNEPREST:

Jens Petter Ous  
Tlf. kontor 612 16 293  
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad  
Tlf kontor 612 16 294  
Mobil 456 11 772

## DIAKON:

Ingunn Liseter  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 976 82 694

## TRUSOPPLÆRAR:

Hildegunn Maria Haanes Ruset  
Tlf kontor 612 16 286  
Tlf mobil 959 35 300

## KANTORAR:

Cindy van der Leden  
Tlf 954 61 356  
(Lars Mensonides har permisjon)

## SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:  
Åse Brit Kappelsløyen  
Tlf 415 07 846  
Kyrkjjetenar/gravar:  
Anders Stø  
Tlf 612 90 974/909 60 650  
Kyrkjjetenar:  
Frank Varpestuen  
Tlf 456 06 026  
Kyrkjjetenar Ivar Kvande

## KVAM SOKN

Soknerådsleiar:  
Eli Anita Lillereiten  
Tlf 996 22 966  
Kyrkjjetenar:  
Svein Fredrik Kjæstad  
Tlf 908 45 584

## KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:  
Kristian Ekre  
Tlf 612 95 832/911 31 563  
Kyrkjjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:  
Unni Bøyum Kluge  
Tlf 932 92 209  
Kyrkjjetenar:  
Jan Smikop  
Tlf 951 22 470

## FAMILIE-RÅDGJEVING

Kirkens Familierådgiving  
Storgt 21, 2670 Otta  
Tlf 612 30 536  
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:  
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,  
[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



# HEIM OG KYRKJE



## Døyppte

### SØDORP

Malin Brandvold (døyppt i Sør-Fron kyrkje)  
Iver Andre Lindset  
Kasper Øyen  
Mille Kristin Hage Bondestad  
Syver Fagervold  
Ola Stø  
Kristine Bakken

### KVAM

Hedda Granli Nysæter  
Oline Hølmen Rannstad  
William Hegge Budsberg

### SKÅBU

William Leander Dalsheim  
Hanna Risdal Vaterland  
Magnhild Risdal Vaterland  
Nora Risdal Vaterland  
Thea Jøingsli Brendløyken



## Vigde

### SØDORP

Cathrine Nielsen og Bjørn Lihaug

### KVIKNE

Veronica Rognli og Roger  
Langbrekken



## Døde

### SØDORP

Tor Arne Haugen  
Trygve Gunnar Odde  
Else Kristine Opsahl (gravlagd i Lom)  
Sigurd Kaltrud  
Jens Peder Engum  
Gunvor Roven  
Ingvar Myhre

### KVAM

Solveig Havn

### SKÅBU

Ivar Arve Gransløyen  
Else Lien

### KVAM

Monica Brandvold og  
Jon Espen Klevstadlien

## KONTONUMMER TIL SOKNA SINE BLOMEFOND

Skåbu Blomefond har kontonummer	2095.53.06628.
Kvam Blomefond har kontonummer	2095.20.65069.
Sødorp Blomefond har kontonummer	2095.31.32606.
Kvikne Blomefond har kontonummer	2095.52.83652.

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

**Heimeside:** [www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)

## NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i desember 2017.  
Frist for stoff: 22. november.

## KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kjartan Ruset tlf 416 25 803 E-post: [kjaru@online.no](mailto:kjaru@online.no)  
Redaksjons-komité: Randi Brendløyken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),  
Egil Myhre (Kvam), Jens Petter Ous

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra  
Kontonummer: 2095.49.59776



# Konfirmantane sin favoritt-salme

Under fellessamlingane på konfirmentleiren 2017 på Nordfjord Folkehøgskule, song konfirmantane så taket løfta seg, dynamisk leia og akkompagnert av Vidar Hoel, organist i Sel. Favoritten var nr 104 i salmeboka: «I et skur ved Betlehem», med ein vakker irsk folketone.

*I et skur ved Betlehem, gjemt i Josefs store trøye,  
lå Guds dyrebare Ord, som et nyfødt barn i høyet,  
og vi ser: Gud er god*

**Omkved:**

***Han er her når vi synger, Han gir liv, lek og latter,  
himmelrikets skjulte skatter. Og vi ser: Gud er god***

*Han fikk se et folkehav uten håp og uten føde,  
Og Gud dyrebare Ord mette alle i det øde.  
Og vi ser: Gud er god.*

*Skjult av hagens mørke trær sto soldater for å ta ham,  
og Guds dyrebare Ord bar det korset verden ga ham.  
Og vi ser: Gud er god.*

*Naglet fast til dødens tre, under himmelhvelvets torden,  
Ba Guds dyrebare Ord for en bøddel og en morder.  
Og vi ser: Gud er god*

*Gjennom hagens klare dugg, som i Jordens første morgen,  
Brot Guds dyrebare Ord ut av tomheten og sorgen.  
Og vi ser: Gud er god.*



Utanom Nord-Fron, deltok også konfirmantar frå Lesja, Dovre og Sel, 115 i alt. Eit tjuetals ungdomsleiarar, mellom dei sju frå Nord-Fron, og ein stab med vaksenleiarar, samt instruktørar frå Nordfjord Folkehøgskule, stod for eit prikkfritt gjennomført og innhaldsrikt leir-program. Meir om leiren på side 8 og 9. Foto: J.P.Ous

# Alle barn og unge i Nord-Fron



er velkomne til kyrkja denne hausten! Sjekk «Kirka i Nord-Fron» på Facebook, og nettsida vår [www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no). De kan óg kontakte kyrkjelydspedagog Hildegunn Maria Haanes Ruset på [hildegunn.maria.h.ruset@nord-fron.kommune.no](mailto:hildegunn.maria.h.ruset@nord-fron.kommune.no), tlf 612 16 286.

I september og oktober feirar vi **HAUSTTAKKEFEST** i alle kyrkjene våre! Desse gudstenestene er fylt av glede, takk-  
semd og undring, og barna står i fokus! **5-åringane** blir inviterte til ei for-samling der vi lærer om kor maten vår kjem frå, og vi lagar avlette til bruk under nattverden i hausttakkegudstenesta. I Sødorp får **4-åringane** utdelt bok under denne gudstenesta. Dei blir og inviterete i forkant for å lære meir om kyrkja og helse på oss som jobbar der! Eigne invitasjonar blir sendt ut i posten til dykk!

## HAUSTAKKEGUDSTENESTENE

**Sundag 24.september** kl. 11.00 i **Skåbu** kyrkje og kl 17.00 i **Kvam** kyrkje

**Sundag 22. oktober** kl. 11.00 i **Kvikne** kyrkje og kl 17.00 i Sødorp kapell

**Sundag 17.september** er det UNGDOMSGUDSTENESTE i Sødorp kyrkje med presentasjon av ÅRETS FLOTTE KONFIRMANTAR.

**Torsdag 12.oktober** startar BABYSONG i Kyrkjestuggu. Dette er for barn frå 0-1 år og deira foreldre. Sjå eigen invitasjon på Helsestasjon og andre stader det heng plakatar. Det er babysong kvar torsdag fram til jul.

*I tillegg til nemnde datoar inviterer vi samlingar med ungdomsleiarar i kyrkja vår! Kjenner du til ein ungdom som ynskjer nye utfordringar? Tips dei om leiartrening i kyrkja!*

**Laurdag 2.desember til søndag 3.desember** er det «**Lys Vaken**» i Sødorp kyrkje. Alle 5.klassingar i kommunen er velkomen til overnatting i kyrkja!

Påfølgjande søndag **3.desember** avsluttar vi overnatningsfesten med gudstenste i kyrkja kl. 11. Dette er ei veldig fin og spesiell gudstenste der 5.klassingane har ansvar for det meste!

**Sundag 17.desember** er barn i alle aldrar særskilt velkomne til familiegudstenste i Kvikne der vi pyntar juletreet.

Gjennom heile desember har vi pedagogiske opplegg for skular og barnehager i kyrkja i løpet av vekedagane. Invitasjon til dette kjem gjennom skulane og barnehagane.

## Gudstenesteforordning i Nord-Fron – ei kort orientering frå gudstenesteutvalet

Grunna nye arbeidsavtalar for prestane (arbeidstid 35,5 timar i veka – noko som er normal-arbeidsveke for folk med uregelmessig arbeidstid) har biskopen kome med nye tal for gudstenester i Nord-Fron (Gudstenesteforordning). Utgangspunktet var forordningar frå 2015, som sa at det skulle vere 65 gudstenester i Sødorp sokn; 32 i Kvam, 24 i Kvikne og 24 i Skåbu (til saman 145). Dette talet har vi ikkje hatt dei siste åra, rett og slett fordi prosten har sagt at vi har hatt for mange gudstenester i forhold til den bemanninga vi har i Nord-Fron. Statistikk for 2016 syner at det var 54 gudstenester i Sødorp, 33 i Kvam, 23 i Kvikne og 25 i Skåbu (til saman 135). Rytmen i gudstenestelivet har vore at det er gudsteneste i Sødorp 3 av 4 helgar pluss høgtidsdagar, Kvam annakvar helg, Kvikne og Skåbu kvar tredje helg. Så ligg det inne nokre gudstenester som det er knytt tradisjonar til i kvart sokn (til dømes 1.mai i Kvam).

Talet som no kom frå biskopen i Hamar, var på totalt 115 gudstenester, fordelt med 60 i Sødorp, 25 i Kvam og 15 i Kvikne og 15 i Skåbu. Dette tykte gudstenesteutvalet var ei nedskjering i tre av sokna, som vi ikkje kan forsvara

som ein rimeleg frekvens på gudstenester i sokna, og som gudstenestetilbod for dåp og med tanke på dei som brukar kyrkjene våre i høgtider. Gudstenesteutvalet landa så på at dei 115 gudstenestene i Nord-Fron vart fordelt med 47 gudstenester i Sødorp, 28 i Kvam, 19 i Kvikne og 21 i Skåbu. Med det held vi fast på gamal praksis med ein rimeleg kjend rytme på gudstenester i sokna våre: 3 av fire helgar i Sødorp (2 i kyrkja og 1 i kapellet pluss 6 gudstenester årleg på Sundheim), annakvar helg i Kvam og tredje kvar helg i Kvikne og Skåbu (Vi må då rekne høgtidsgudstenestene inn i denne frekvensen). Salmekveldar – som vi ynskjer å halda fram med – og barnehagevandringar ved juletid – vert tekne ut av forordninga, men gjennomført som tidlegare (her er vi fleire tilsette om oppgåvene), slik at det samla talet for samlingar i kyrkjene vert som før.

For året 2018 vert denne nye forordninga teke i bruk i Nord-Fron. Vi håpar på biskopen si godkjenning av vår måte å tenke og planlegge på, til beste for kyrkjelydane i Nord-Fron.

JPO



# FESTDAG I SKÅBU



*Frå venstre: Gudmor, tante Anita Randen, med Nora; fadder, onkel Gjermund Vaterland, med Magnhild; far Erling Magnus Vaterland med storebrørne Kåre Magnus og Per Arne framfor seg; gudmor, tante Anna Lena Vaterland, med Hanna; og så mor Hanne Kristine Risdal Vaterland. Foto: Unni Bøyum Kluge.*

Tradisjonen tru var det gudsteneste i Bakkestugu på første søndag i juli også i år. Soknerådet står for opplegget, med kulturvandring før messa og kyrkjekaffe etterpå. Korpset i Skåbu stiller opp med musikk til salmane og pre- og post-ludium. Denne tradisjonen blir eg berre meir og meir glad i! Det er flott å gå tur saman på gamle stiar i bygda, gamle vegar som tidlegare vart nytta når ein skulle på butikken eller til skulen eller berre for å møte kvarandre. Turane med prat og historiar hjelper oss å halda fast på det som ein gong har vore. Vi ser bitar av slitet mange levde med, kommunikasjons-messig, og vi blir litt meir kjende med bygda slik den var tidlegare. For ein innflyttar i Nord-Fron gjev det innsikt i livet i bygda og det som har vore med å forma kulturen slik den er i dag, i Skåbu.

Gudstenesta i Bakkestugu samla mykje folk i år; vi var over åtti menneske saman. Til gudsteneste i gleda sitt teikn: Trillingane som kom til verda denne ettervinteren, vart døypt. Hanna, Magnhild og Nora vart bore til dåp med heile familien rundt seg (Risdal Vaterland). Det var ei god stund som vi neppe kjem til å få att – det er langt mellom trillingar her i bygdene!

Takk til soknerådet som la alt så godt til rette denne dagen. Takk til Jan kyrkjetenar som held det så fint rundt bygningane i Bakkestugu. Takk til korpset i Skåbu for flott musikk og til Emil Rolstad som hadde arrangert

musikken slik at den høvde så godt til salmesongen. Og ikkje minst – takk til dåpsfamilien som lot oss få del i gleda over dei tre jentene som var bore til dåpen.

*JPO*



*Sokneprest Jens Petter Ous er den prest etter reformasjonen som har gjort lengst samanhengande teneste i Nord-Fron! Takka vere at han har halde ut så lenge, fekk han gleda av å forrette Skåbu og Nord-Frons fyrste trillingdåp i manns minne!*

*Foto: Unni Bøyum Kluge*

Terje Elvestad er ny sokneprest i Nord-Fron:

# Frøning på preikestolen!

Gudbrandsdalen er ikkje kjent for å rekruttere prestar til Den norske kyrkja, ei heller Fron. Men no er han her, frøningen på preikestolen! Terje Elvestad, ekte vinstragut, er nyttilsett sokneprest i Nord-Fron. Ein liten sensasjon i våre bygder!

- Det låg ikkje i korta at eg skulle bli prest! seier den ferske soknepresten i samtale med Kyrkjebladet. – Difor er eg både overraska og glad for alle dei gode tilbakemeldingane eg har fått, frå familie, venner og bygdafolk. Føler eg får respekt for mitt val. Det har varma, og gjeve meg håp. Støtte frå uventa hald har gjort meg spesielt glad!
- Eg har ikkje hatt den store kallsopplevinga, men eg trur på Guds leiing. Har spurd både meg sjølv og Vår Herre kvifor det skulle vere ein så lang og krokelete veg. Men eg er takknemleg og trygg i trua på at det var slik det måtte bli for meg.

Ja, femtittrearingen har gått eit stykke veg fram til preikestolen her i Nord-Fron, både utdanningsmessig, familiært og i arbeidslivet. Han er fråskild, og får til to døtre som tek til å bli vaksne. Han har arbeidd på mange felt, dei siste åra i ulike kyrkjelege tenester. Men skal tru kva som har vore bestemmende for kallet til å bli prest?

- Når eg ser tilbake, trur eg at det var bestemor (mormor) som planta det fyrste frøet. Eg vaks opp saman med henne. Ho gjekk bort då eg var berre 7 år, men ho var med å forme meg til den eg vart. I heile oppveksten, på skulen og elles, følte eg alltid spesielt for dei som på ein eller annan måte fall utanfor. Det har fylgt meg sidan i arbeid eg har hatt, og ikkje minst som diakon og no som prest.
- Ser vi kanskje ein prest med ein diakonal profil?
- Absolutt. Eg har jobba som diakon i Vik fengsel i Sogn, og som fengselsprest i Bodø, og har hatt stor glede av det arbeidet. Jobbar forresten no på frivillig basis med ettervern.
- Apropos spor: trur du at du vil fylgje løypa som dine forgjengarar har trakka opp her i Nord-Fron?
- Eg har stor respekt for Jens Petter Ous og tidlegare prestar i Nord-Fron, og har ingen planar om dei store forandringar i så måte, anna enn å fylgje i deira gode fotefar. Ser også fram til samarbeid med dei andre i kyrkjestaben. Men eg håpar og trur at eg innafor ramma som er lagt, vil finne min eigen veg som prest.
- Eg må få legge til at ein annan som har betydd mykje for meg på trusvegen, er Morten Halling. Han var sjefen min i Heimevernet, og der fekk vi høve til mange gode samtalar og diskusjonar. Han gav meg frimod til å tenkje på ei teneste i kyrkja.



*Terje Elvestad vil prøve å gå i spora etter sine føregjengarar i Nord-Fron, men vonleg på sin eigen måte. Her framfor skiene til sokneprest Nordrum, som heng i Kyrkjestugu ved Sødorp kyrkje. Foto: Kj. Ruset*

Det skulle vere gode føresetnader for at Terje skal lukkast. Han har ei solid utdanning og ei allsidig arbeidserfaring. Fyrst økonomi og leiing ved BI, deretter praktisk-pedagogisk utdanning ved Høgskulen i Buskerud, og til slutt diakoni ved Diakonhjemmet høgskule og teologi ved KUN, Kyrkjeleg Utdanning i Nord (Universitetet i Tromsø). Etter BI og pedagogikk var han lærar i økonomifag ved Mesna VGS, Lillehammer. Han har og jobba som lærar ved Vinstra Ungdomsskule og ved Sødorp skule, og har undervist i friundervisninga. Så vart det nokre år som eigedomsmeklar. Som diakon har han arbeidd i Sogn og på Romerike, og han har vore prestevikar i Båtsfjord i Finnmark. Til Nord-Fron kjem han frå tenesta som flystasjonsprest i Bodø og på Andøya, kombinert med stillinga som fengselsprest ved fengselet i Bodø.

- Du har vore borte i mange ting, Terje!
- Ja, og så må du får med at eg har vore drosjesjåfør! Eg tok drosjelappen i Oslo, og har køyrt drosje både der, og her på Vinstra. I drosja kjem du i kontakt med alle slags folk. Det er slik eg likar det!

Til avisa «Dølen» innrømmer Terje at han nok har tenkt at det ikkje berre er enkelt å kome som prest i si eiga heimbygd, men seier at dei tankane har han lagt bak seg., ikkje minst takka vere all positiv respons han har fått. Han ser fram til å vere nærare døtrene sine, og foreldre som byrjar å dra på åra.

- Korleis synest du det er å stå på preikestolen?
- Det med Ordet, forkyninga, har eg vorte meir og meir glad i. Preika er noko eg tek på alvor. Å opne



døra inn til Guds rike for fleire er i grunnen hovedjobben min. Det er eg tydeleg på. Eg vil utfordre folk til å tørre å sleppe seg meir frampå, ikkje berre sitte med trua si på stubben i skogen, men bli med i fellesskapet i kyrkja!

Med det har Terje Elvestad, ny sokneprest i Nord-Fron, gjeve både seg sjølv og oss ei utfordring! Han tek til i tenesta 4.september. Han kjem til å bu i sitt eige hus i Håmmårvegen. 1.oktober vert den offisielle innsettinga ved gudstenesta i Sødorp kyrkje. Då er det kyrkjestaben og sokneråda sitt håp at ei fullsett kyrkje tek imot Terje!

## Ny prest – Terje Elvestad – byrjar si teneste hjå oss 4. september

Han vil i haustsemesteret gjera ferdig sine studier på KUN (Kyrkjeleg Utdanning i Nord – dvs universitetet i Tromsø). Ved gudstenesta i Sødorp kyrkje søndag 1.oktober vil Terje bli sett inn i tenesta ved prost Paul Skuland. Så får vi håpe på ordinasjon utpå nyåret!

**Velkomen iblant oss, Terje!**

JPO

# John Engh – kirke-grunnleggeren fra Fåvang

Av Pål Stenumgård


Hver sommer pleier jeg å stoppe ved Fåvang kirke for å besøke gravene til besteforeldrene mine og andre slektninger. Det er alltid trivelig å komme inn på den velstelte kirkegården. All ære og takk til dem som har ansvaret for stell og vedlikehold!

Etter å ha sett til gravstedene i sørenden av kirkegården, rusler jeg som regel bort til John Engh-monumentet i nordenden. Så også i sommer. Monumentet har en flott plassering. John Enghs liv og virke på Madagaskar er godt beskrevet, men etter mange år er teksten litt vanskelig å tyde.

Sammen med Martinius Borgen kom John Engh til Betafo 4. desember 1867. Kona Johanne Engh fulgte en måned senere. Engh og Borgen samlet umiddelbart folk i landsbyen til undervisning, og etter noen måneder var den første menigheten dannet. Oppstarten av misjonsarbeidet på Betafo regnes som begynnelsen for Den gassisk-lutherske kirke: «Fiangonana Loterana Malagasy» – FLM.

Det er sterkt å tenke på at en gutt som vokste opp i Fåvang, ble grunnlegger av ei av de største lutherske kirker i Afrika, ei kirke som stadig er i stor vekst, og som snart har flere medlemmer enn Den norske kirke! FLM har i dag mellom 3,5 og 4 millioner medlemmer fordelt på 8100 menigheter over hele Madagaskar! Siste helga i oktober feirer

FLM 150 år med en stor jubileumsmarkering på Betafo. Til den utendørs festgudstjenesten søndag 29. oktober ventes så mange som 30.000 deltakere. Omkring 100 nordmenn vil også være til stede.



## Reformasjons-jubiléet

vil bli markert over heile landet på sjølve Reformasjonsdagen 31.oktober. Her i Nord-Fron vert jubiléet markert ved gudsteneste i Sødorp kyrkje kl 19.00 ved sokneprest Jens Petter Ous.



**KYRKJA I NORD-FRON**  
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron



# Konfirmantleiren 2017: «Best ever!»

var det vel ein som sa om OL på Lillehammer i 1994. Vi seier det same om konfirmantleiren på Vereide i Nordfjord ! Veret var bra, maten var god, samhaldet mellom konfirmantar og leiarar var bra og programmet fungerte etter intensjonen. Så dette vart ein god start på konfirmantåret for dei som skal konfirmerast våren 2018. Nokre bilder fortel kanskje meir enn ord, så her kjem nokre glimt frå Konf-leir 2017 på Nordfjord folkehøgskule.

**(Tekst og foto: Jens Petter Ous)**




*«Fyrste mann uti!» Dei tøffaste stod tidleg opp og fekk seg eit friskt morgonbad i fjorden før frukost. Her ein flokk gutar – men det var like mange tøffe jenter som bada!*



*Heile flokken frå Nord-Fron framfor den gamle hovudbygningen på Nordfjord Folkehøgskule.*





*Vakre Vereide kyrkje var ramma om kveldssamlingar og tema-samlingar. Her er det øving til dåp.*

## Takketale

«Oss vil berre byrje med å seie tusen takk for ei kjempefin og triveleg veka! Oss ha storkosa oss, og opplevd ting som vi aldri har gjort før. Vi er begge heilt sikre på at alle har fått nye bekjentskap i løpet av denne veka.

Det har vore eit stramt program, som har gjort at vi ikkje har kjeda oss så mykje som eit sekund. Oss har gjort alt frå å ha vore pilgrimar til å skrive egne bøner.

Sjølv om måndagens busstur var slitsam så var det heilt klart verdt det når vi kom hit. Det som møtte oss var god mat og snille folk som har teke vare på oss heile veka.

Tysdag leita vi fyrst etter spor i Bibelen. Det var spennande å sjå at ein kan knyte bodskap i historier og tekstar frå Bibelen opp mot sitt eige liv. I samhalds-løypa var det god stemning og godt samarbeid.

Onsdag så var vi fyrst pilgrimar og fekk eit innblikk i korleis reisa til pilgrimane var, målet dei skulle til, og grunnane til at dei gjekk. Seinere rodde vi i robåtar på stille vatn og fekk ei lita historie ute på vatnet før vi rodde inn at. På slutten av dagen så bada vi og sola oss.

Torsdag skreiv vi egne bøner og fekk eit innblikk i korleis eit bryllaup går føre seg. Vi har prata om kva kyrkja eigentleg er, og mykje meir.

Denne veka her har vore ei fantastisk start på konfirmanttida og den hadde ikkje vorte så vellykka utan alle prestane, arrangørane, ledarane og dei unge ledarane, kokkane, sjukepleiarane, konfirmantane og ikkje minst Nordfjord folkehøgskule og alle andre som har hatt ei rolle i dette arrangementet. Så tusen takk!!!!

***Vi gleder oss til resten av konfirmanttida og vil ønskje alle konfirmantar ei fortrefteleg konfirmanttid! Takk for oss!»***

Ronja Varpestuen og Lise Frithjofsen , konfirmantar 2017-18  
(Denne talen vart framført til stor applaus under festkvelden på leiren. Red.)

**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL  
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



**Vekstra**  
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra  
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang  
Tlf 61 29 52 70

**Lymoens  
Gartneri & Blomster**  
SØDORP, TLF. 61 29 15 46

**Dale-  
Gudbrands  
Trykkeri a.s**  
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no

**Vinstra;libris**

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra  
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no  
www.libris.no/vinstra



**HÅREK**  
FRISØRSALONG  
-KVAM-



Vinstra.  
Tlf 61 29 04 01

**TOYOTA**

**DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

**Hageland**  
Bjørke



Tlf 915 750 74  
Vi hjelper deg med blomster til  
begavelse og andre anledninger.

**OM Bakken Bygg AS** Lomoen - Vinstra  
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER  
Tlf. 61 21 60 00  
Fax 61 21 60 01

*Bakken  
Begavelsebyrå* Tlf. 47 68 22 27



**Gudbrandsdal  
Energi**

Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no

**Rondablikk**

Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no  
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:  
• Barsedåp • konfirmasjon  
• bryllup.

Og om det er noen som runder år,  
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.  
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske  
Rondane.

**Lore Søndenfor**  
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS  
HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

**Vinstra Begravelsebyrå**

*Liv Veikleengen*

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter  
Etablert 1979

**RUSTUGUSETRA**

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173  
2642 Kvam

**TEIGEN – TANGEN  
byggfirma**

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

## Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.  
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: [www.peergyntseterveg.com](http://www.peergyntseterveg.com)

**ruste regnskap**

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529  
E-post: post@rusteregnskap.no



# REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00

# CIRCLE K

Kvam  
Tlf 61 29 44 30

# KIWI mini pris

KIWI KVAM  
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ

## Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING  
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

# Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister  
Flere distanser  
Ulike utfordringer



## Sterk & Smidig

trening for alle

Tlf. 922 50 868



Tlf. 971 88 621

# Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



## SLANGEN SETER

### 2643 SKÅBU

Tlf. 61 29 55 18 - Mobil: 99 59 55 18 - 90 95 88 38  
E-post: [post@slangen-seter.no](mailto:post@slangen-seter.no) - [www.slangen-seter.no](http://www.slangen-seter.no)



Skåbu Servicesenter  
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208  
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen



# SKÅBU REGNSKAP AS

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898

MEMBER  
REGNSKAP  
NORGE



## KLYPPEKROKEN

TOVE IREN ERIKSEN

Tlf. 97 73 72 14

## STØTT VÅRE ANNONSØRER!

### NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: [grete.bakken@nord-fron.kommune.no](mailto:grete.bakken@nord-fron.kommune.no)

## Gudstenester i Nord-Fron september – desember 2017

TID	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
14.s.i.treiningstida <b>10.september</b> Matt 20,1-16		11 Høgmesse Konf.jub/ Konf.pres Terje Elvestad	11 Høgmesse Konf.jub/ Konf.pres Jens Petter Ous	
15.s.i.treiningstida <b>17.september*</b> Matt 7,24-28	19 Kyrkja Ungdomsgudst. Konf.pres. Terje Elvestad		11 Tverrbygda grendahus Fam.gudst. Terje Elvestad	
16.s.i.treiningstida <b>24.september</b> Mark 7,31-37		17 Hausttakkefest 5-åringar/ 4-års-boka Jens Petter Ous		11 Hausttakkefest 5-åringar/ 4-års-boka Jens Petter Ous
17.s.i.treiningstida <b>1.oktober</b> Joh 11,17-29.30-46	11 Kyrkja Innsetjing av ny sokneprest: Terje Elvestad Nattverd. PSkuland JPOus		19 Kveldsmesse Nattverd Jens Petter Ous	
18.s.i.treiningstida <b>8.oktober</b> Matt 8,14-17		11 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous		
19.s.i.treiningstida <b>15.oktober*</b> Luk 20,45-21,4	10.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad			19 Kveldsmesse Nattverd Terje Elvestad
20.s.i.treiningstida <b>22.oktober</b> Joh 11,1-5	17 Kapellet Hausttakkefest. 5-åringar/ 4-års-boka Terje Elvestad		11 Hausttakkefest 5-åringar/ 4-års-boka Terje Elvestad	
Bots- og bøneding <b>29.oktober</b> Luk 13,22-30	PROTISTEMNE I SKJÅK			
Reformasjonsdagen <b>31.oktober*</b> Joh 1,16-17	19 Kyrkja Kveldsmesse 500-års-markering for reformasjonen. /JPO			
Helgemessesøndag <b>5.november</b> Matt 5,1-12	11 Kyrkja Minne- og forbøns- gudsteneste. Diakon, kantor og prestane	13 Minne- og forbøns- gudsteneste. Diakon, kantor og prestane	19 Minne- og forbøns- gudsteneste. Diakon, kantor og prestane	17 Minne- og forbøns- gudsteneste. Diakon, kantor og prestane
23.s.i.treiningstida <b>12.november</b> Mark 10,28-31	11 Kapellet Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad			
24.s.i.treiningstida <b>19.november*</b> Matt 18,1-6.10-14		11 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous		
Domsson/ Kr kongsdag <b>26.november</b> Matt 25,31-46	11 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous		11 Høgmesse Nattverd Terje Elvestad	
<b>2-3.desember</b>	Frå kl 18: Lys vaken. Overnatting/ trusoplæring i Sødorp kyrkje for 10-åringar (Avsluttast med gudstenesta søndag kl 11-12.)			
1.s.i.advent <b>3.desember</b> Luk 4,16-22a	11 Kyrkja Familie-gudsteneste. 10-åringane og Terje Elvestad	17 Ljosmesse Konfirmantane og Jens Petter Ous		19 Ljosmesse Konfirmantane og Jens Petter Ous
2.s.i.advent <b>10.desember</b> Luk 21,27-36	17 Kyrkja Ljosmesse Konfirmantane og Terje Elvestad		19 Ljosmesse Konfirmantane og Terje Elvestad	
Fredag <b>15.desember</b>				18 Førjulskonsert Skåbukora JPOus
3.s.i.advent <b>17.desember</b> Luk 3,7-18		18 Konsert Kvam musikkforening Jens Petter Ous	11 Familiegudsteneste Vi pyntar juletreet Jens Petter Ous	

\*Markering av reformasjonjubileet

*Alle gudstenester vert annonsert i GD på fredagar. Sjå ellers nettsida: [www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)*